



## INFORMASJON

Bestandsplanområdet skal ha ei utforming som gjer at det er ei hensiktsmessig eining for bestandsforvaltning av vedkomande art. Bestandsplanområdet kan innehalde areal som gjer at det ikkje er samanhengande, for eksempel vegar eller større vatn.

Saman med skjemaet skal det følgje (jf. hjorteviltforskrifta § 15):

1. Eit kart kor yttergrensene til bestandsplanområdet er teikna inn, og kor eventuelle eigedomar som ikkje er med i bestandsområdet er teikna inn.
2. Vedtekter for bestandsplanområdet.

Godkjenning av bestandsplanområdet gjeld inntil eitt eller fleire vald utgår av samarbeidsavtalen, og berre så lenge alle valda er godkjente av kommunen.

a) **Teljande areal:** Her må det teljande arealet for kvart vald oppgjevast.

b) **Underskrift av den valdansvarlege:** Der det er fleire enn ein rettshavar i valdet, er det tilstrekkeleg at valdansvarleg representant signerer på vegner av valdet dersom valdets vedtekter tillet det. For vald der valdansvarleg representant ikkje har fullmakt til å signere på vegner av valdet, må det leggjast ved ein samarbeidsavtale med skriftleg samtykke frå alle rettshavarar i det valdet/dei valda dette gjeld.

Søknad om godkjenning av bestandsplanområdet som rører ved fleire kommunar, skal sendast den kommunen der den største delen av det teljande arealet ligg (administrativ kommune).

Sjå også kapittel 8 «Krav til og godkjenning av bestandsplanområde» i rundskriv av februar 2012 om forvaltning av hjortevilt.